



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/211960-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
14.11.2022

### Uttale til søknad om dispensasjon og deling til uttale – gnr. 203 bnr. 1 – Fyllingen – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 21.10.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon og deling til uttale – gnr. 203 bnr. 1 Fyllingen.

Det vert søkt om oppretting av ny grunneigedom/deling og dispensasjon frå arealføremål og byggjeforbod i strandsona. Ut frå dei opplysningar som følgjer av saka vert det søkt om å opprette ein sjølvstendig eigedom der føremålet er å bevare LNF område. På søknadsskjema er det kryssa av for «Landbruk/fiske».

Til denne dispensasjonssøknaden uttaler Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg.

#### Uttale

Etter det vi kan sjå ligg den aktuelle eigedomen gnr. 203 bnr. 1 innanfor bandleggingsområde for planlegging av ny E39. Eigedomen ligg midt i F3-V3-M2-A2 alternativet som er det alternativet Statens vegvesen har tilrådd for vidare regulering. Saka er no er oversendt Alver kommune for vidare handsaming.


Statens vegvesen legg til grunn at det vert søkt om frådeling til uendra bruk og at det i samband med frådelinga ikkje er planlagt tiltak som kan kome i konflikt med planlegging og seinare bygging av ny E39. Med dette som føresetnad vil ikkje Statens vegvesen motsetje seg søknaden om dispensasjon for frådeling av parsell.

Postadresse  
Statens vegvesen  
506M744439M744670M744710M766779Mfirmapost@vegvesen.no  
Postadresse  
Postnummer

Telefon: 22 07 30 00  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim



*Alternativ som vert tilrådd for vidare regulering av ny E39 Flatøy-Eikefetttunnelen.*

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt dispensasjonsvedtak oversendt for klagevurdering.

Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*